

Kva er nasjonale prøver?

Føremålet med nasjonale prøver er å gi skolane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Informasjonen frå prøvene skal danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skolesystemet.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 30.03.2016

Prøvene blir gjennomførte om hausten, kort tid etter at elevane har starta på 5., 8. og 9. trinn. Det tar inntil 90 minuttar å løyse ein prøve i lesing og rekning, mens det tar inntil 60 minuttar å løyse ei nasjonal prøve i engelsk.

Korleis skal nasjonale prøver brukast?

- Lærarane skal bruke resultata for å følgje opp elevane sine og i arbeidet med undervegsvurdering og tilpassa opplæring.
- Kommunar og skolar skal bruke resultata som grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa.
- Forskarar kan søkje om å få utlevert resultat frå nasjonale prøver til bruk i forking.

Prøvane og resultata gir informasjon om enkeltelever, grupper, trinn og skoler, som lærarar og skoleleiarar trengjer for å utvikle skolen vidare.

Prøver gjev ikkje svara på alt

Resultata frå dei nasjonale prøvene gir eit avgrensa bilete av dei ferdigheitene og den kompetansen elevane har. Ein må derfor alltid sjå resultata i samanheng med annan relevant informasjon ein har om skolen, kommunen og elevane.

Kva slags oppgåver skal elevane løyse?

Nasjonale prøver gir informasjon om elevar på alle nivå. Derfor har prøvene både lette og vanskelege oppgåver. Det er veldig få elever som får alt riktig på prøven, somme år ingen. Det er fordi vi må ha noen ordentlig vanskelige oppgåver som dei aller beste kan bryna seg på.

Prøvene er elektroniske, og dei består av ulike tekstar, bilete og oppgåver med spørsmål. På opne oppgåver skal elevane svare med eigne ord eller med tal, mens på fleirvalsoppgåver skal elevane velje eitt av fleire svaralternativ.

Eksempeloppgåver elevane kan bruke for å forberede seg

Kven skal gjennomføre kva for prøver?

Elevar på 5. og 8. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk.

Elevar på 9. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing og rekning. Prøvene på 9. trinn er dei same som for 8. trinn, slik at skolar kan samanlikne resultat for 8. trinn med resultat frå 9. trinn det same året. Dersom skolar tek vare på resultata for 8. trinn det eine året kan dei samanlikna resultata for dei same elevane det neste året.

Moglegheit for fritak

Hovudregelen er at alle elevar skal delta på nasjonale prøver. Elevar med rett til spesialundervisning eller rett til særskild norskopplæring kan få fritak frå nasjonale prøver. Desse elevane kan berre få fritak dersom det er klart at prøveresultatet ikkje vil ha mykje å seie for deira vidare opplæring. Sjølv om ein elev har rett til fritak, kan eleven sjølv eller foreldra likevel bestemme at eleven skal gjennomføre prøva. Det er ikkje anledning til å gje ein gruppe med elevar fritak, alle må behandlas einskild.

Tilrettelegging

Enkelte elevar kan ha behov for spesiell tilrettelegging i samband med gjennomføringa av ei nasjonal prøve. Skolen skal syte for all slik tilrettelegging. Skolen kan be om hjelp til dette frå Statped.

Korleis blir prøvene laga?

Fagmiljø ved høgskolar, universitet og nasjonale sentra utviklar prøvene i samarbeid med lærarar og fagpersonar i Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet har ansvar for at prøvane blir utvikla i samsvar med kvalitetskrava i rammeverk for nasjonale prøver, og at dei blir tilstrekkeleg kvalitetssikra.

Skala og måling av utvikling over tid

Resultata blir publisert på einskala med eit gjennomsnitt på 50 skalapoeng og standardavvik på 10. Resultata

blir i tillegg publiserte som andel elevar på kvart meistringsnivå.

Frå og med 2014 er grensene for kvart av nivåa faste for prøvane i engelsk og rekning. Dette er mogleg fordi resultata kvart år blir satt på same skala. Resultat frå nasjonale prøver i rekning og engelsk kan frå 2015 derfor brukast som grunnlag for å måle utvikling over tid. Det inneber at vi på sikt kan sjå om resultata blir betre. Først etter nokon år er det mulig å sjå eventuelle trender. Frå hausten 2017 er dette også mogleg for leseprøvane.

Korleis og kvifor bruker vi ankeroppgåver?

Vi set resultata frå ulike prøver og år på same skala ved hjelp av ankeroppgåver.

Elevanes poengsummer kan ikkje samanliknast direkte mellom ulike prøvar. Det vil alltid vere skilnader i vanskegrad på prøvane, sidan oppgåvene er forskjellige. Vi treng derfor ein felles skala som beskriv same ferdigheit hos eleven med same tall, sjølv om resultata er frå ulike prøvar og år.

For å få til dette lenkar vi prøvane saman ved hjelp av såkalla ankeroppgåver. Eit lite og tilfeldig utval elever gjennomfører ein versjon av prøven som inneheld både ankeroppgåver og oppgåver som er felles med den prøven resten av elevane gjennomfører.

På denne måten etablerer vi ein samanheng mellom to prøvar som i utgangspunktet er forskjellige. Til dette arbeidet bruker vi ein IRT-modell. Deretter reknas elevanes resultat om til skalapoeng. Da vet vi at same poengsum, altså tal på skalapoeng, beskriv same ferdigheit, uavhengig av kva for ein prøve eleven tok. IRT-analysen gir oss også betre og meir presis informasjon om elevanes resultat, noko som gjer at vi kan forbetre verktøya for oppfølging.

Vedlegg

- [Rammeverk for nasjonale prøver](#)
- [Det testteoretiske grunnlaget for de nasjonale prøvene \(pdf\)](#)

